

Invitasjon og program til møte i samband One Ocean Week 2024

Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «Raudt til Grønt»

Tid: Torsdag 18. april kl. 15:00 - 17:30

Stad: Radisson Blu Royal Hotel Bergen (Bryggen)

Rapporten «*Fra Rødt til Grønt*» viser at det er mogeleg for akvakulturnæringa å gå frå «raudt til grønt». Dersom ein lykkast i dette arbeidet, kan verdiskapinga for næringa i Vestland aukast betydeleg – gjerne meir enn 1 mrd. kr. årleg. Det krev ei samla næring og offentleg forvaltning på Vestlandet.

I rapporten som er finansiert med midlar frå Vestland fylkeskommune er konklusjonen:

- Det er mogeleg å få Vestland i grønt
- Treng incentiv for mindre lus (eks: lakseluskvote som foreslått av Havbruksutvalet)
- Treng incentiv for innfasing av null-lus teknologi (som foreslått Miljøfleks-ordning)
- Treng betre samordning myndigheiter og næring i kvar PO mtp. lokalitetsbruk og tiltak
- Foreslår eige tiltaksprosjekt i Vestland for rask innfasing av null-lus teknologi
- Forventast å gje mindre dødelegheit, betre velferd og økonomi, og akseptabel påverknad på vill laksefisk

For å lukkast med dette, må næringa og det offentlege jobba tett i lag om kva verkemiddel som må til for å få til naudsynte endringar.

No er det opp til næringa og det offentlege med kommunar, fylke og tilsynsmynde og følgje dette opp, og ta ut potensiale til ei meir berekraftig næring med betre lønnsemd og auka verdiskaping i Vestland. Det vil vera behov for å få endra verkemidla slik at det vert lønsamt å gjera dei riktige vala. Skal ein få til desse endringane, må alle aktørane i Vestland fylke ha eit felles budskap til sentrale styresmakter.

Region Nordhordland IKS / Regionrådet Nordhordland og Vestland fylkeskommune i samarbeid med HI, VI og UIS ønskjer å setja dette viktige arbeidet på dagsorden ved å invitera til eit opent møte som fokuserer på kva som må til av endring for at Vestland fylke skal behalda sin posisjon som eit av dei viktigaste områda for akvakultur.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Bård Sandal
Avdelingsdirektør, avdeling for næring, plan og
innovasjon, Vestland fylkeskommune

Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «**Raudt til Grønt**»

Tid: Torsdag 18. april kl. 15:00 - 17:30 (kaffi og noko å bita i frå kl. 15, møtestart kl. 15:30)

Stad: Radisson Blu Royal Hotel Bergen (Bryggen)

Velkomst / innleiing

Leiar Lars Fjeldstad, Regionrådet Nordhordland

Kva skal til for at oppdrettsnæringa på Vestlandet skal gå «Raudt til grønt»?

Forskningsdirektør Geir Lasse Taranger, Havforskningsinstituttet

Kva skal til for å gjere det bedriftsøkonomisk og samfunnsøkonomisk lønnsamt å gå frå «Raudt til grønt»?

Professor Ragnar Tveterås, Universitetet i Stavanger

Næringa sine behov for endra rammevilkår – kva må til for å få til naudsynte endringar!

Dagleg leiar Sondre Eide, Eide Fjordbruk

Er dei teknologiske løysingane på plass, har me teknologi som hyllevare (FLO)

Senior forretningsutvikler Leif Magne Sunde, Sintef

Status for ulike selskap og tekniske løysingar

- Chief Executive Officer Cato Lyngøy, Ovum
- Dagleg leiar Tor Hellestøl, FishGLOBE
- Lerøy Sjøtroll

Dette vil me gjera i Region Nordhordland?

Regional arbeidsgruppe

Synspunkt, korleis vil/kan ein bidra til at forslaga i rapporten vert realisert?

- Generalsekretær Torfinn Evensen, Norske Lakseelver
- Seniorrådgiver Friede Andersen, Mattilsynet
- Fiskeridirektoratet
- Miljødirektør Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren i Vestland

Spørsmål / diskusjon

Korleis jobbar Vestland fylkeskommune for at akvakulturnæringa på Vestlandet skal gå frå «Raudt til grønt»? Kva gjer me vidare no!

Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune

Påmelding til post@regionnordhordland.no innan 16. april.

Kontaktperson: Bent Gunnar Næss, mobil 481 24 623, bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no